

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2184 - 19/21039

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
28.06.2019

## Plangodkjenning - Utviding av Leiketun barnehage

Miljøretta helsevern skal i samband med utviding/påbygging av Leiketun barnehage gje samtykke til planar. Dette i samband med rettleier til «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» § 6.

Søknad om plangodkjenning er motteke den 24.6.19. (Vår ref. 14/2184 – 19/20408).  
Tilleggsopplysningar i saka vart motteke 27.6.19. (Vår ref. 14/2184 – 19/21001).

Det er planar om eit tilbygg til Leiketun barnehage. Alle avdelingar vil bli samla på eit plan (1.etasje), og personalavdeling vil bli i 2. etasje. Tilbygget vil tilfredsstillе alle tekniske krav (TEK 17), og tilfredsstillе krav gitt i «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.».

Utvida barnehage er planlagt ferdig i 2020.

### ➤ Vurdering

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 5,3 m<sup>2</sup> for barn under 3 år. Uteleikearealet bør vere 6 gangar så stort (ca. 33 m<sup>2</sup> for barn under 3 år og 24 m<sup>2</sup> for barn over 3 år).

Leiketun barnehage vil etter utbygging ha 6 avdelingar med totalt 105 barn (72 barn over 3 år og 33 barn under 3 år). Barnegruppa vil ha behov for 463 m<sup>2</sup> inneareal og 2 817 m<sup>2</sup> uteareal.

Motteke opplysningar:

*Beregningen følger arealnormen på 5,3 m<sup>2</sup> per barn under tre år, og 4 m<sup>2</sup> per barn over 3 år.*

Antall	Norm inne	Behov inne	Norm ute	Behov ute
33	5,3	175	33	1089
72	4	288	24	1728
105		463		2817

Etter utbygging vil barnehagen ha eit netto leike- og opphaldsareal på 470 m<sup>2</sup>, som er stort nok til 118 barn over 3 år.

I berekning av barnehagens leike- og opphaldsareal er opphaldsrom og grupperom medrekna. Gangareal og grupperom utan tilgang til dagslys er ikkje medrekna, men kjem i tillegg til oppgjeve areal.

Uteleikeareal er oppgjeve til 2 840 m<sup>2</sup> (inngjerda uteområde). I tillegg kjem andre uteareal som kan nyttast av barnehagen (bl.a. skogsleikeplass på ca. 3 500 m<sup>2</sup>).

Ut i frå dette så har barnehagen tilstrekkeleg leike- og opphaldsareal inne og ute til 118 barn over 3 år.

### ➤ **Samtykke til planer**

Miljøretta helsevern samtykkjer til planane til utviding/påbygging av Leiketun barnehage, etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*».

Ei endeleg godkjenning av Leiketun barnehage (etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*») vil bli gitt etter søknad når bygget er ferdigstilt.

Vurdering om godkjenning skal utførast før oppstart.

Med helsing

Tord Moltumyr  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Leiketun barnehage

Holtermandsvegen 5918  
2A

FREKHAUG

Martin W Kulild  
Meland kommune